



Arkivnr: 2016/32833-1

Saksbehandlar: Karl Viken

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		

### Rekneskapsrapport pr. oktober 2016.

#### Samandrag

I samsvar med rapporteringsrutinane legg fylkesrådmannen fram rapport om rekneskapsutviklinga pr. oktober 2016. Årsprognosene pr. oktober byggjer i hovudsak på same vurderingar som tertialrapporten pr. august 2016, men skatteinngangen er betra sidan denne rapporten.

Det er i tidligare rapportering for 2016 antyda eit negativt rekneskapsavvik ved årets slutt. Det har likevel ikkje vore risiko for rekneskapsunderskot for fylkeskommunen grunna ein buffer i form av avsett sum til finansiering av investeringar.

Ved framlegging av 2. tertialrapport synte årsprognosene eit negativt årsresultatet på 20 mill. kr. Etter dette har skattetala betra seg ein del. I tillegg er skatteprognosene no mindre usikker når berre 20% av skatteinngangen for 2016 står att.

Ny prognose pr. oktober vert difor eit positivt resultat på 12 mill. kr om trenden på skatteområdet held seg ut 2016. Likevel er det viktig å påpeika at endra skatteoverslag er ein kortsiktig effekt som ikkje endrar den økonomiske situasjonen til fylkeskommunen med m.a. den tyngande gjeldssituasjonen.

#### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. oktober 2016 til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 07.11.2016

Gjeldande rapporteringsrutinar inneber at ein i tillegg til tertialrapportering legg fram rekneskapsrapportering til fylkesutvalet pr. månadane februar, juni og oktober. Fylkesrådmannen legg med dette fram rekneskapsrapporten pr. oktober 2016.

Tabelloversynet nedst i rapporten viser rekneskapen pr. oktober 2016. Gjeve rett budsjettpersonalisering og jamt forbruk gjennom året, så vil rapporten kunne gje ein god peikepinn på den økonomiske stoda i dei ulike sektorane.

I 2. tertialrapport til fylkestinget i oktober rapporterte fylkesrådmannen at prognosen for 2016 var eit meirforbruk på 20 mill. kr for driftsbudsjettet totalt sett. I hovudsak er momenta og vurderingane som ligg til grunn for denne prognosene uendra. At årsprognosene for 2016 no vert endra; frå eit underskot på 20 mill. kr til eit mindre positivt resultat kjem i hovudsak av at skattetala har betra seg ein del i haust og at skatteprognosene i tillegg no er sikrare sidan det står att få skatteinnbetalingar. I tillegg er det nokre mindre justeringar sidan siste melde prognose.

Andre usikre område er skuleresultata og vegvedlikehaldet. Kollektivinntektene har vore positive i høve til budsjettert nivå, og dette ventar fylkesrådmannen vil halda seg ut året. Fylkesrådmannen omtalar dette kort i dei ulike avsnitta under.

Det er viktig å poengtera at endringa i årsprognosene for 2016 ikkje endrar noko i høve til dei økonomiske utfordringane fylkeskommunen står overfor; i fyrste rekkje ei tyngande lånegjeld. Utslaget av endra skatteoverslag er ein effekt som ikkje endrar den økonomiske situasjonen på sikt. Det er likevel positivt at det med dette er sannsynleg at ein endar opp med eit positivt resultat i 2016. I tillegg vil truleg innføringa av ei tettare oppfølging av driftsøkonomien påverka årsresultatet i positiv retning.

### **Staus for dei ulike driftsområda**

#### Område utan større budsjetttavvik pr. oktober

Innanfor budsjettområda Politiske organ og administrasjon, Kontrollorgan, Fellesfunksjonar, Regional utvikling, Kultur og Idrett og Interne finansieringstransaksjonar er det god kontroll når det står att to månadar av året. Her er det få risikofaktorar som kan føra til vesentlege budsjettavvik i 2016.

#### Økonomi og organisasjonsavdelinga

For den nye stabsavdelinga som består av tidligare Økonomiavdelinga og Organisasjonsavdelinga så har det vorte gjennomført fleire tiltak gjennom 2016, og desse har hatt økonomisk effekt. Det gjer at ein for avdelinga føreset eit positivt resultat.

#### Eigedom

Eigedomsavdelinga melder eit årsresultat på 5 mill. kr. i underskot. Dette er ei forverring av prognosene på 1 mill. kr. samanlikna med kva som vart meldt pr. 2. tertial. Overskridningane på dette området dreier seg i hovudsak om kostnadane knytt til omorganisering av reinhaldet ved dei vidaregåande skulane og ansvar for drift av det nye anlegget til bybanen på Kokstad. Utover dette er det god kontroll på avdelingsøkonomien.

#### Opplæring

Årsprognosene pr. 2. tertial for opplæringssektoren var ei budsjettoverskridning på 53 mill. kr. Denne prognosene er betra med 9 mill. kr.; slik at opplæring no melder eit negativ budsjettavvik på 44 mill. kr ved årsslutt. Bringa skuldast i hovudsak at inntektene ved privatisteksamen er justert opp med 8 mill. kr. Det mest avgjerande i høve til om denne prognosene slår til eller ikkje, er korleis skuleresultata vert samla sett. No ligg det inne at skulane samla sett går med 20 mill. kr. i underskot. Sjølv om det er vanskeleg å treffa heilt på resultatet for så mange og store einingar som alle skulane totalt sett er, så held ein fast på om lag same prognosene som pr. 2. tertial. Det er særleg eit meir negativt resultat for skulane enn venta som får

konsekvensar for totalresultatet til fylkeskommunen. Eit meir positivt resultat for skulane har ikkje same verknad, i og med at overskot i noko grad kan avsetjast til fond.

Utover dette er det venta at Opplæringsavdelinga og dei delane av budsjettet som ikkje ligg på skulane, mellom anna fagopplæring, kjem til å gå med eit meirforbruk tilsvarende 24 mill. kr. Budsjettet for lærlingtilskot er stort, og små konjunkturendringar og endringar i tal på kontraktar kan gje utslag på avdelinga sitt resultat. Prognosene for fagopplæringsområdet i 2016 er eit negativt budsjettavvik på 21 mill. kr. Vaksenopplæring ser ut til å enda opp med eit underskot på 10 mill. kr. Andre område innanfor opplæringssektoren er venta å få mindre budsjettavvik.

Samla sett er årsprognosene for sektoren eit underskot på 44 mill. kr.

#### Samferdsel

For vegvedlikehaldet melder regionvegsjefen at det kan gå mot ei overskridning også i 2016. Det er venta eit samla meirforbruk på om lag 3 % i høve til den samla løyvinga for 2016. Dette skuldast i hovudsak at prognosene for driftskontaktane viser eit meirforbruk. Deler av overskridinga skuldast etterverknader av tidlegare års hendingar med storm og uver. Samla er prognosene eit negativt avvik på 15 mill. kr for fylkesvegvedlikehaldet.

Når det gjeld økonomien på kollektivområdet, så har talet på reisande auka i 2016. Tilhøyrande inntektside viser også ein positiv tendens samanlikna med budsjettet. Så langt er prognosene ei inntektsseite som er 23 mill. kr over det som er budsjettet. I tillegg er det innsparinger grunna gunstig kostnadsutvikling på fleire kontraktar samanlikna med budsjettet. Netto kostnadsreduksjon vert etter prognosene på om lag 17 mill. kr. For andre område er det relativt sett mindre budsjettavvik.

Det er framleis ein del uvisse når det står att 2 månadar av 2016, men samla årsprognose for samferdselsektoren er eit positivt budsjettavvik på 25 mill. kr.

#### Tannhelse

Tannhelsetenesta fekk styrka budsjettet sitt med 6 mill. kr i samband med tertialrapporten etter 2. tertial. Likevel vil sektoren gå med eit relativt stort underskot i 2016. Prognosene for underskotet er uendra i høve til prognosene ved 2. tertial og kjem i hovudsak av tapsføringar. Utover dette er det tett oppfølging av økonomien og utfordringane i sektoren.

#### Fylkeskommunal næringsverksemde

Budsjettet for konsesjonskraftinntekt er netto 50 mill. kr i 2016. Gjennom tidligare rapportering i 2016 har vi lagt til grunn ein svikt grunna låge kraftprisar på om lag 10 mill. kr. Den siste tida har det vore ein aukande tendens i kraftprisane og det vert no lagt til grunn ein budsjettsvikt på 5 mill. kr. Samanlikna med rapporten etter 2. tertial er dette ei betring på 5 mill. kr.

#### Skatt og rammetilskot

Skattetala pr. oktober er ikkje heilt klare, men utviklinga dei siste månadane har vore god. Det er på dette området tala har endra seg mest, og er hovudårsaka til at ein for første gang i 2016 har positiv årsprognose.

Pr. 2. tertial vart prognosene betra frå budsjettbalanse til eit overskot på 10 mill. kr. Den vidare positive trenden i samsvar med det auka skatteoverslaget i statsbudsjettet, tilseier von om eit monaleg positivt resultat ved årets slutt.

Det er framleis noko uvisse, og to større skattemånadar igjen av året, men fylkesrådmannen legg no til grunn årsprognose om eit positivt resultat på 50 mill. kr for skatteinntektene. Det er særleg inntektsutjamninga som slår positivt ut for Hordaland fylkeskommune.

#### Renter og avdrag

For dette området vert det rapportert ei innsparing i høve til budsjettet rente- og avdragsnivå. Innsparinga er no stipulert til å verta om lag på netto 3 mill. kr. i 2016. Det er tidligare meldt ei langt høgare innsparing på dette budsjettområdet, og nedjusteringa skuldast at budsjettmidlar vart flytta til Tannhelse og Eigedom ved handsaming av rapport for 2. tertial.

#### Fellesfunksjonar/ lønsavsetjing

Ved 2. tertial la HFK til grunn at berekningane til pensjonsleverandørane KLP og Statens Pensjonskasse som vart lagt til grunn for 2016 skulle halde seg ut året. Det har dei i hovudsak gjort. Det likevel skjedd ei justering av prognosane til leverandørane no i haust. Det gjer at vi får eit negativt avvik i høve til driftsbudsjettet grunna endring i premieavviket. Når det gjeld den budsjetterte lønsavsetjinga så er det ingen endring i høve til tidligare meldte prognosar. Her er det venta ei innsparing i og med at lønsoppgjerset for 2016 vart avslutta med ein gjennomsnittleg lønsauke som var mindre enn det som det vart tatt høgde for i budsjettet. Samla vert prognosen ved årsslutt eit negativt budsjettavvik på 12 mill. kr.

#### Oppsummering

Alle sektorar og område summert opp gjev ein årsprognose lik eit mindre overskot i rekneskapen for 2016. I tabell under er det samla prognostiserte resultatet for heile HFK for 2016 eit overskot på 12 mill. kr. Ein føresetnad for denne prognosan er at den gode utviklinga i skatteinntektene ikkje stoppar opp dei to siste månadane av året. Dette er betring på 32 mill. kr i høve til årsprognosan pr. 2. tertial; då var prognosan 20 mill. kr. i negativt budsjettavvik.

**Tabell med status pr. 31. oktober 2016 etter funksjonsgruppe (tal i heile tusen)**

	Rekneskap okt. 2016	Årsbud.	Forbruk i % av årsbud	Prognose okt.	Prognose aug.	Rekneskap okt. 2015
<b>Politiske organ og adm.</b>						
Kostnader:	196 719	233 980	84,1 %			194 557
Inntekter:	-17 882	-9 650	185,3 %			-20 048
<b>Netto</b>	<b>178 837</b>	<b>224 330</b>	<b>79,7 %</b>	<b>10 000</b>	<b>5 000</b>	<b>174 509</b>
<b>Eigedom</b>						
Kostnader:	184 467	189 253	97,5 %			172 542
Inntekter:	-36 317	-26 624	136,4 %			-43 995
<b>Netto</b>	<b>148 150</b>	<b>162 629</b>	<b>91,1 %</b>	<b>-5 000</b>	<b>-4 000</b>	<b>128 547</b>
<b>Regional utvikling</b>						
Kostnader:	149 386	228 845	65,3 %			185 282
Inntekter:	-165 528	-139 707	118,5 %			-150 373
<b>Netto</b>	<b>-16 142</b>	<b>89 138</b>	<b>-18,1 %</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>34 909</b>
<b>Samferdsel</b>						
Kostnader:	2 790 872	3 398 317	82,1 %			2 772 314
		-1 099				
Inntekter:	-1 090 441	282	99,2 %			-1 008 170
<b>Netto</b>	<b>1 700 431</b>	<b>2 299 035</b>	<b>74,0 %</b>	<b>25 000</b>	<b>26 000</b>	<b>1 764 144</b>
<b>Kultur og idrett</b>						
Kostnader:	277 771	404 501	68,7 %			304 251
Inntekter:	-220 376	-206 544	106,7 %			-232 090
<b>Netto</b>	<b>57 395</b>	<b>197 957</b>	<b>29,0 %</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>72 161</b>
<b>Tannhelse</b>						

Kostnader:	290 744	327 419	88,8 %		275 414
Inntekter:	-114 385	-111 826	102,3 %		-97 948
<b>Netto</b>	<b>176 359</b>	<b>215 593</b>	<b>81,8 %</b>	<b>-10 000</b>	<b>-9 000</b>
<b>Opplæring</b>					
Kostnader:	2 732 979	3 182 066	85,9 %		2 655 852
Inntekter:	-398 871	-203 172	196,3 %		-363 495
<b>Netto</b>	<b>2 334 108</b>	<b>2 978 894</b>	<b>78,4 %</b>	<b>-44 000</b>	<b>-53 000</b>
<b>Skatt og rammetilskot</b>					
Inntekter:	-5 284 541	-6 130 929	86,2 %		-5 131 703
<b>Netto</b>	<b>-5 284 541</b>	<b>-6 130 929</b>	<b>86,2 %</b>	<b>50 000</b>	<b>10 000</b>
<b>Renter og avdrag</b>					
Kostnader:	167 613	681 200	24,6 %		183 874
Inntekter:	-35 132	-39 300	89,4 %		-64 802
<b>Netto</b>	<b>132 481</b>	<b>641 900</b>	<b>20,6 %</b>	<b>3 000</b>	<b>5 000</b>
<b>Kraftinntekter</b>					
Kostnader:	42 465	50 000	84,9 %		42 382
Inntekter:	-85 752	-120 000	71,5 %		-88 876
<b>Netto</b>	<b>-43 287</b>	<b>-70 000</b>	<b>61,8 %</b>	<b>-5 000</b>	<b>-10 000</b>
<b>Fellesfunksjonar/lønsavsetj.</b>					
Kostnader:	123 385	160 495	76,9 %		47 370
Inntekter:	-843 959	-769 041	109,7 %		-672 477
<b>Netto</b>	<b>-720 574</b>	<b>-608 546</b>	<b>118,4 %</b>	<b>-12 000</b>	<b>10 000</b>
<b>NETTO FYLKET TOTALT</b>	<b>-1 336 783</b>	<b>1</b>		<b>12 000</b>	<b>-20 000</b>
					<b>-1 040 139</b>

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. oktober 2016 til orientering.